



Pynting langs Fylkesvegen og i sentrum skaper festivalstemning og fungerer godt i arbeidet med profilering.

**Pyntegruppa med Gina Berge-Soldal i spissen gjer jobben i år også. Tema er eit landleg liv med bonden og familien hans i arbeid. Alt på Syne på Rød møter du det som kan vera Mannen med Ijåen. På Nedre Fet ved avkøyrsla til Døsland vert vi kjende med heile familien. Ein av dei mange veterantraktoren til far og son Olsen er på plass.**

Gina Berge-Soldal fortel til Uskedalen.no at pyntegruppa er godt i rute. Dei store figurane er på plass. I helga vart det sett fram mjølkekartongar og blomar på ledige bord i sentrum.og i Båthamna. Tekstilane til Gina er på plass.

Skulebrua er pynta med eit utval av Festidalen sine T- skjorter i den tida det har vore festival. Her finn vi eit rikt utval av motiv, både plagg som har vore i sal, men også T- skjorter til intent bruk i gruppene.



Uskedal bru er pynta med eit utval av dei mange t-skjortene frå den tida Festidalen har eksistert. Banneret Festidalen heng mellom anna på Gamleskulen og i Båthamna.

Det neste store no er Hesjedugnaden i morgon, tysdag kl. 17 på Dønhaug. Møt fram, store og små, i eit sosialt fellesskap og ver med og skap eit triveleg og landleg festivalområde.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Store banner med Festidalen og ein figur som eit fugleskremsel skaper merksemd. Bilete er frå Stølen.